



## Fylkeskulturprisen 2017 – innkomne kandidatar

Nr	Kandidat	Sjanger	Informasjon/grunngjeving for framleggget
1	Teaterfestivalen i Fjaler/Torkil Sandsund/Miriam Prestøy Lie	Festival	Ein festival for nyskapande teater etablert av Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie i 2013. Festivalen har i løpet av fem år fått eit solid rykte i norsk scenekunst og ei god forankring i Fjaler og regionen elles. Suksessfaktor er samspelet mellom det profesjonelle og det lokale, og det ligg ein stor dugnadsinnsats bak. Sandsund og Lie legg kvart år ned ein stor innsats i planlegging og gjennomføring av festivalen, og har skapt ein festival som aukar mangfaldet av teateruttrykk i fylket.
2	Eirik Molnes Husabø	Musikk/komposisjon	Komponist, produsent og musikar med erfaring frå både nasjonale og internasjonale utgjevingar. Gjennom studioet Verdens beste studio har han skapt musikk for både den kommersielle marknaden og innanfor meir smalare uttrykk. Hadde i september 2017 urpremiere på storverket «Requiem for ein tapt Verden» i sveisehallen på Westcon Yards i Florø. Har tidlegare komponert bestillingsverk til Florø Hornmusikk, Sogn og Fjordane symfoniorkester og Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt 250 års jubileum
3	Terje Rognsø	Idrett	Terje Rognsø er trendar for a-laget til Florø Fotball. Laget har klatra frå botn av 3. divisjon og opp til å bli eit lag på øvre halvdel av OBOS-ligaen. Laget har lenge kjempa om opprykk til eliteserien. Rognsø har gjort Florø til eit topplag noko som er med på å skape stort engasjement rund fotball i Florø og elles i fylket.
4	Førde volleyballklubb	Idrett	Klubben har gjennom åra synt vilje og evne til å satse. Gjennom 10 år har Førde volleyballklubb vore den fremste klubben i landet. Frå heile landet søker volleyball-talent til Førde. Mange spelarar frå Førde har også spelt på landslaget og proff volleyball i utlandet. Herrelaget har vunne eliteserien fleire gonger. I tillegg har laget vorte både cupmeistrar, seriemeistrar og Nordisk meister i 2011. Også damelaget har kjempa om kongepokal og spelt cupfinale. Damelaget spelar no i eliteserien. Førde er eitt av får klubbar som har eliteserielag både i herre- og dameklassen. Førde volleyballklubb er tildelt Førde kommune sin kulturpris.
5	Finn Loftesnes, Sogndal og Oddleiv Apneseth, Gauldalen	Fotografar	To fotografar som på kvar sin måte gjennom fotografi har dokumentert og sett Sogn og Fjordane på kartet nasjonalt. Både Finn Loftesnes som naturfotograf og Oddleiv Apneseth som presse- og kunstfotograf har vist at fotografi på ulike måtar er viktige for kulturen både her i fylket og nasjonalt.
6	Geirr Vetti	Kulturarv	Geirr Vetti har gjort ein stor innsats for å ta vare på og setje i stand eldre bygningar og kulturlandskap. Han organiserer og er arbeidsgjevar for sherpaer som har jobba med å restaurere og sette i stand hus, stiar og vegar i heile landet. Fikk Luster kommune sin kulturpris i 2012. Er også tildelt Riksantikvaren sin kulturminnepris.

7	Helge Sunde	Musikk, komponist og dirigent	Komponist og dirigent med diplomeksamen i komposisjon fra Norges musikkhøgskole. Er førsteamanuensis ved musikkhøgskulen i dag. Starta tidleg som dirigent og instruktør i skulekorpset i Stryn og var med og bygde opp den solide korpskulturen som er i kommunen i dag. Er internasjonalt anerkjend. Bidreg som gjestedirigent, arrangør og komponist i heimfylket. Trekkjer element fra heimleg musikktradisjon inn i sine arrangement og komposisjonar. Komponist for operaen «Sildagapet» ved Opera Nordfjord i 2017. <a href="https://nmh.no/om_musikkhogskolen/ansatte/helge_sunde">https://nmh.no/om_musikkhogskolen/ansatte/helge_sunde</a>
8	Erlend Apneseth	Musikk	Erlend Apneseth frå Jølster vekker internasjonal merksemd for sitt musikalske nybrotsarbeid. Han er ein av dei fremste utøvarane i landet på tradisjonelt slåttespel på hardingfele. Som improvisasjonsmusikar og komponist utfordrar han på sitt eige instrument, pløyer ny mark og set djupe spor. Tildelt Grappa musikkforlag sin debutantpris i 2012. Har spelt i eliteklassen på hardingfele på Landskappleiken sidan 2013. Har gitt ut fleire plater i perioden 2016 – 2017 som har fått svært gode kritikkar i nasjonale mediar. Er tildelt Folkelarmprisen og nominert til Spelemannsprisen. Apneseth er busett i Hallingdal. <a href="http://www.erlendapneseth.com">www.erlendapneseth.com</a>
9	Jan Ketil Smørdal, Nordfjordeid	Sirkus	Sirkusartist med eige sirkus. Tidleg etablert som artist og opptrødde ved fleire norske og utanlandske sirkus. Starta som ung Cirkus Agora. Har dei siste åra spreidd sirkusglede i mindre format til elevar i grunnskulen gjennom turnear i Den kulturelle skulesekken. Underheld på eldresenter, asylmottak og hotell. I 2017 reiste Smørdal på nytt ut på vegen med Cirkus Agora som vanleg tradisjonelt sirkus og gjesta 150 spelestader med god omtale. Har sett heimkommunen og fylket på kartet. Fekk Eid kommune sin kulturpris i 2003.
10	Reodor TV/Frode Steen/Daniel Dvergsdal	Fritidstilbod for barn og unge	Reodor Klubben er eit lågterskel fritidstilbod til barn og unge med interesse for teknologi og annan kreativ aktivitet. Initiativtakar Frode Steen har skapt eit unikt tilbod som involverer både utdanningssektoren og næringslivet i fylket. 15-årige Daniel Dvergsdal har tatt initiativ til Reodor-TV som er av, med og for barn og unge. Alle som har lyst kan vere med på dette. Fleire program er i ferd med å bli ferdig redigert, og kanalen «går på lufta» i løpet av eit par veker. «Reodor-bevegelsen» bygger på samhandling og ressursdeling mellom næringsliv, utdanning og frivillig sektor.
11	Per Øyvind Sørbø	Lokalt engasjement	Prismus motor i Eikefjord grendelag og Eikefjord fotball. Har vore pådrivar for utvikling i Eikefjorden mellom anna strandpromenade, idrettsanlegg og ny skule med fleirbrukskall.
12	Otto Søvig	Musikk/korps	Søvig har spelt i hornmusikk og skulekorps sidan 1963. Var med å redda eit av fylkes eldste korps frå nedlegging på eit tidspunkt det berre hadde 7 medlemmar. Han er med i Florø storband og Kinnaspelorkestret. Søvig er ein god representant for amatørmusikklivet i Flora kommune.
13	Ketil Thorbjørnsen	Musikk	Ketil Thorbjørnsen syng og spelar gitar og er ein musikar med lang fartstid. Skriv eigne songar som slår godt an både hos den yngre garde og eldre generasjonar. Har gitt ut to plater der han har skrive all tekst og musikk sjølve. Spelar i heile fylket og elles i landet med bandet «Verdsmannen Thorbjørnsen». Deler av kunnskapen sin og inspirerer ungdom til å drive med musikk. Er tilsett i kulturskulane i Årdal og

			Lærdal, og har gjort ein stor jobb for kulturlivet i Årdal og området rundt. Er opphaveleg frå Høyanger.
14	Kristin Sønnerheim, Aurland	Kulturminne, turvegar	Lagt ned stor innsats for å gjere Aurlandsdalen tilgjengeleg for ålmenta, rydda vegar og stiar, pådrivar for restaureringsarbeid knytt til gamle gardar og støylshus. Samarbeidde med ektemannen Kåre Sønnerheim til han døydde. Har halde fram engasjementet aleine etter det. Utan Sønnerheim og mannen sin arbeidsinnsats hadde det ikkje vore mogleg å gå dalen i følgje fotograf Bjørn Bergum som har laga film om Aurlandsdalen.
15	Arne M. Sølvberg og Asbjørg Hustveit Sølvberg, Stryn	Folkemusikk og folkedans	Drivkrefter for å ta vare på, bruke og lære frå seg folkemusikk og folkedans, særleg til barn og unge. Arne M. Sølvberg har vore svært aktiv med spelning, komposisjonar, konsertar, undervisning, skriving, som kurshaldar og dommar i konkurransar. Han har vore musikalsk leiar i Spelemannslaget Fjelljom sidan 1979. Asbjørg H. Sølvberg har vore aktiv i folkemusikk- og folkedansmiljøet. Dei har saman drive barneleikarring/dansegruppe i Fjelli ungdomslag sidan hausten 1979.